



Kapteinhagen

Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Dette er uttala Kaftinhågein og ligg vest for Vetlberget i Nordherad statsalmenning. I 1865 er nemnd Erlend Svendsen f. ca. 1824 som husfar med litt jordveg i Kapteinhaugen. I 1851 budde han på Storvikseie. Erlend kunne vera frå Simonneset, son til Sven Knutsen Storvikseie 1794-1871 og Ingebjør Erlandsdotter Storvikseie. Erland Svendsen flytte til Amerika i 1878 med heile familien, men han er ikkje nemnd i folketellinga i Vågå i 1875. Han vart i 1850 gift med Anne Kristensdotter Løyften f. 1825 frå Lom, og dei hadde sønnene

Hans f. 1847, vegarbeidar i 1865

Svend f. 1849

John f. 1851

Ellandlykkja ligg nede ved vatnet, og Kapteinhagen ligg ovanfor. Dette har kanskje ikkje vore to bruk, Ellandlykkja kan ha namn etter Erland i Kapteinhagen. Oversikt over almenninga i 1853 nemner at Erland Næssets innlagte plass skal utleggjast att, dette var av dei plassane som var innlagt siste 20 åra. Folketellinga 1875 og Gudbrandsdalskommisjonen nokre år seinare nemner ikkje Kapteinhagen, så da var det truleg fråfløtt. Det kan sjå ut til at Kapteinhagen var busett berre i 1850- og 60-åra.

I 1865 var det i Kapteinhagen 6 sauer og 5 geit, medan dei sådde ½ tønne bygg og 1 tønne poteter.

Kjelder: Folketelling 1865

J.Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2, s. 69

Oversikt almenninga 1853

Anna Randen: munnleg fortalt